



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tom Dybwad
Telefon: 57643123
E-post: fmsftd@fylkesmannen.no

Vår dato
25.02.2015
Dykkar dato
15.01.2015

Vår referanse
2015/213 - 561
Dykkar referanse

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Pb 5091
0301 OSLO

Insteelvane kraftverk i Bremanger kommune - vurdering av konsesjonsplikt

Fylkesmannen meiner at Insteelvane kraftverk berører allmenne interesser i så stor grad at tiltaket må konsesjonshandsamast. Vi ber om eit møte for å gå samla gjennom dei mange kraftprosjekta i Ålfoten-området.

Vi viser til e-post frå NVE av 15.01.2015 med spørsmål om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for bygging av eit nytt Insteelvane kraftverk i Bremanger kommune.

Vi har gått gjennom søknaden frå Firdakraft AS, og vi vurderer at skade og ulempe vil vere av så stort omfang for allmenne interesser at tiltaket må ha konsesjon etter vassressurslova. Dei allmenne interessene som gjer dette naudsynt er

- Omsynet til friluftsliv. Sjølv om tiltakshavar meiner tiltaket ikkje vil redusere området sin verdi for brukarane, er det ikkje gjeve at brukarane, m.a. Sogn og Fjordane Turlag, vil meine det same, jf som tiltakshavar sjølv påpeiker at tiltaksområdet ligg i eit lokalt-, regionalt og nasjonalt viktig friluftsområde, med Bukkenibba og Blånbibba/Gjegnen (i Ålfotbreen landskapsvernområde) som dei vanlegaste turmåla.
- Nærleiken til Ålfotbreen landskapsvernområde. Inngrep og tiltak i tilgrensande område skal etter plan- og bygningslova vurderast om dei kan ha innverknad inne i verneområde (jf § 11–8 c).
- Sjølv om det ikkje er registrert raudlistartar i tiltaksområdet, vil vi peike på at det omsøkte området er dårleg undersøkt (jf. krav etter naturmangfaldlova som gjeld i dag) sidan slike undersøkingar ikkje blei gjort då Øksnelvane kraftstasjon m. fl. fekk konsesjon i 1959 og 1967.

I søknaden tek søkjar sjølv opp at parallelt med planen for Insteelvane kraftverk vil søkjar melde inn plan om bygging av nye Øksnelvane kraftstasjon for vurdering av konsesjonsplikt. Fylkesmannen gav fråsegn til denne opprustinga i brev av 2.7.2013. Vi kjende då ikkje planane for eit nytt Insteelvane kraftverk, og ser i dag at vi burde ha rådd til konsesjonshandsaming nye Øksnelvane kraftstasjon. Fylkesmannen finn slik stykkevis og oppdelte søknader i det same området svært uheldig for å vurdere heilskapen av konsekvensar av kraftutbygging i Øksnelvane og nærliggjande elvar.

Ifølgje planen vil Insteelvane kraftverk gi 13,4 GWh/år (under føresetnad om ingen krav til minstevassføring), men medføre eit tap i eksisterande Bjørndalen kraftverk på 11,4 GWh, medan ny Øksnelvane kraftstasjon (med større slukevne) og Insteelvane kraftverk vil gi ein meirproduksjon på 35 GWh/år. Vi vil også peike på at dei tre kraftverka i Dauremål, Bjørndal og Øksnelvane etter vårt syn er svært aktuelle for revisjon i perioden 2009-2017. For desse

kraftverka er det ingen krav til minstevassføring, noko som også søkjar ønskjer å gjere gjeldande for Insteelvane kraftverk. Desse tilhøva tilseier at heile kraftutbygginga i området må vurderast samla, og at alle nye planar bør konsesjonshandsamast for å sikre miljøvilkår i tråd moderne vassdragskonsesjonar.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner at Insteelvane kraftverk berører allmenne interesser i så stor grad at tiltaket må konsesjonshandsamast.

Vidare ber vi om at alle søknader om kraftutbygging vedrørande Øksenelvane og kringliggjande elvar vert handsama samla, som søknader om konsesjon etter vassressurslova, inkludert revisjon av alle dei tre kraftverka Dauremål, Bjørndal og Øksenelvane. Gjennom ei heilskapleg vurdering og handsaming vil ein kunne få etablert eit tidsriktig og oppdatert regime som tek naudsynte miljøomsyn for drift av kraftverka i området. Også dette er ein grunn til at Insteelvane kraftverk må vere konsesjonspliktig.

Fylkesmannen ber om eit møte med NVE for å gå gjennom dei mange kraftprosjekta i Ålfoten-området.

Med helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi pr. e-post:
Firdakraft AS
Bremanger kommune
Sogn og Fjordane Turlag